

# Årsmelding 1972-73

---

Laget vart skipa den 3/9-72. Det styret som då vart valt, formann Per Våge, Randi Olsen, Dagfinn Sande, Sigfred Worren og Sverre Kvalsund, fekk i oppdrag å arbeide for ein tenleg idrettsplass for Sandsøya. Det var straks etter frå styret sendt skriv til skulestyret om at laget var interessert i å samarbeide med kommunen når det gjeld ei eventuell utviding av skuleplassen. I skriv av 26/10-72 gjer skulesjefen greie for korleis eit slikt samarbeid mellom kommunen og idrettslaget bør vere. Ein avtale bør innehalde m.a. dei økonomiske sidene av samarbeidet. Sandsøy Idrettslag har ikkje fått i stand ein slik avtale, då spørsmålet om grunn til idrettsplassen ikkje er avklara.

Idrettslaget melde seg den 15. februar inn i Norges Idrettsforbund. Møre og Romsdal Idrettskrets har også hatt planane om bane til vurdering.

Den 1. mai 1973 arrangerte Åram Idrettslag eit terrengløp på Åram. Frå Sandsøy Idrettslag deltok 10 ungdomar som tok fleire medaljeplassar.

Den 3. desember sendte formannen i laget igjen eit brev til Sande skulestyre, der laget igjen etterlyser kommunen sine planar for utviding av skuleområdet. Vi fekk svar frå skulesjefen den 4. desember, der han skriv at skulestyret ventar på framlegg frå arkitekten. Dette framlegget er no kome, og vert utlagt til gjennomsyn på årsmøtet.

Av aktivitetar elles har det vore smått. Det har vore og er i gang ein treningskveld for veka for gutane, laget har kjøpt litt utstyr til dette. Elles hadde styret i haust planlagt ein familietur til Kletten, men dårleg ver hindra dette. Vi vonar at det nye styret vil vere meir oppfinnsame og aktive når det gjeld å arrangere ulike tiltak. Men det viser seg òg at oppslutninga omkring treningskveldane er dårleg, særleg saknar vi den ungdomen som har gått ut av skulen. Jentene har ikkje hatt faste treningskveldar, då laget ikkje har hatt instruktør til desse.

Den 20. desember 1973 vedtok kommunestyret å løyve 500 kr til Sandsøy Idrettslag. Laget har pr. dato ca. 60 betalande medlemmer.